

Kristine Kjetland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1176 - 19/23803

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:

12.08.2019

Svar vedkomande køyr forsiktig skilt

Stikkvegen som går ned og forbi Røsvikdalen 34 er regulert til privat fellesveg. Det er dessverre fleire feil i veglistene som viser at blant anna denne stikkvegen, frå kommunal veg Røsvikdalen, er kommunal. Det pågår ein prosess med å rette opp i slike feil i kart- og vegdatabasene.

Sidan stikkvegen i Røsvikdalen er regulert til privat fellesveg, vil det vere opp til det private sameiget/vellaget for vegen og bebuarane langs vegen å vurdere om det er ynskjeleg med privat skilting langs denne vegen. Dersom alle vert einige om skiltinga, må de sjølv skaffe skilt og skiltstang for å setje det opp. De bør ta hensyn til sikt frå avkøyrser og vedlikehald sommar og vinter når de plasserer skiltet.

Når det er sagt, er skiltet som du viser til eit privat skilt og ikkje i samsvar med skitforskrifta. Private skilt er ulovleg å setje opp langs offentlege vegar. Om denne vegen på sikt vert omklassifisert til kommunal veg, vil det vere det offentlege regelverket som vert gjeldande. Då må skiltet fjernast i samsvar med gjeldande regelverk.

Med helsing

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Avdelingsleiar veg
Fagleiar veg

Mottakarar:

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Mottakarar:
Kristine Kjetland